

Fra: Torunn Raftevoll Rue (torunn.rue@seljord.kommune.no)

Sendt: 20.09.2019 08:59:06

Til: 'Jarand Felland (SP)'; Laila Perine Høivik; Åse Egeland - Bø; Anita Cecilie Kirkevold; ru-gunna@online.no; stelnes@online.no; berge.tor.ivar@gmail.com; Bjørn Aase; Tarjei Gjelstad; Magne Skarprud; opsund.s@online.no; Frid Berge; groreidun@gmail.com; aase.bunkholt@lyse.net; post@garvikstrondi.no; Kjellsen, Arne; Olav Bjørn Bakken; John Kleiv; 'vidar.lofthus@bo.kommune.no'; Halfdan Haugan

Kopi: Bjarte Guddal; nve@nve.no; Finn-Arild Bystrøm; Laila P. Høivik (lph@nve.no)

Emne: Vilårsrevisjon Sundsbarmvassdraget og Seljordsvatnet - forlenging av svarfrist for Seljord kommune

Vedlegg: Redningsaksjon for storørret i Seljordsvatnet og Vallaråi brev frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark juli 2019.pdf; Sundsbarmrevisjon oppsummering krav frå kommunane.pdf

God dag!

Seljord kommune vil også takke både NVE, Sundsbarm Kraftverk DA og Skagerak Energi for ei nyttig, god og hyggeleg synfaring 3. og 4.sept. langs vassdraga våre.

Fristen 20.september for justerte innspel er for kort frist for Seljord kommune til å handsame saka godt nok. Vi kunne, slik som Tokke kommune har kome skrive, ynskt oss ei politisk sak til det nye kommunestyret som har siste møtet dette året den 12.12.2019 her i Seljord.

Difor ber vi om forlenga frist til 20.desember 2019.

Dersom det ikkje er aktuelt å gje utsett frist, vil vi presisere at innspela våre til vilårsrevisjonen, jf alle tidlegare innsendte dokument, står ved lag.

Det vart sagt på synfaringa at der det er meldt inn krav om minstevassføring, må kommunane kome med konkrete tal for dette. Seljord kommune kan ikkje kome med det på så kort tid. Vi må bruke litt meir tid på dette temaet.

Vilkåra for storauren i Vallaråi og i Seljordsvatnet er svært viktige i vilårsrevisjonen. Storauren er sterkt trua. Det kan vere at det er for seint å redde denne arten. Vi legg ved eit [brev](#) av 30.07.2019 frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark om redningsaksjon for storauren i Seljordsvatnet og Vallaråi.

Vi legg også ved ei [matrise](#) som viser kva dei ulike kommunane spelte inn som krav hausten 2016. Dette er berre ein enkel oversikt.

Legg også ei [lenkje](#) til den nyleg publiserte rapporten frå NVE om styringssystem for omløpsventilar (nr 63/2019):

http://publikasjoner.nve.no/eksternrapport/2019/eksternrapport2019_63.pdf

Om dette er aktuelt for Skagerak Energi, har vi liten kunnskap om. Men det er testa ut på fire kraftverk og skal sørge for at vassføringa i elva nedstraums kraftverket vert redusert gradvis og over så lang tid at ein unngår at fisk blir liggande på tørt land.

Reknar med å få tilbakemelding på denne e-posten så snart de har fått oversikt over alle som har gjeve tilbakemelding.

Med venleg helsing

Torunn Raftevoll Rue

Natur- og miljørådgjevar

Seljord kommune

Tlf. sentralbordet 350 65 100

Direkte tlf. 350 65 151

Mob.tlf. 95 90 84 40

Heimeside:

www.seljord.kommune.no